



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 3. oktober 2018 kl. 18.00

På kommunehuset

### Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Hanne Roholdt, Magnhild Vaagen Kvalbein, 1.vara: Reidun Fisketjønn, (kommunenens representant Tore Åsland), Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kyrkjeverje: Kristen Salmelid.

### Møtte ikkje:

Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Hanne Roholdt, Kommunens representant Tore Åsland, 1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn.

Fleire vara var ikkje inkalla.

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Beverting v/ Inger Lise Berge.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sæle)

Sak 56/18, SR	Innkalling og sakliste	HB
	<p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 26.09.2018 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som foreslege.</p>	
Sak 57/18, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 22.08.2018	HB
	<p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Referatet frå møtet 22.08.2018, sendt ut på mail 24.08.2018, vart godkjend.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som foreslege.</p>	
Sak 58/18, SR	Post og meldingar	fleire
	<p>1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>a. 23. sept.: <i>Konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 ved Seljord songlag som syng tekstar av Olav Mosdøl arrangert av Oddbjørn Aase. Fin konsert. 85 betalande.</i></li><li>b. 2. nov.: Allehelgens-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire. Vert ikkje gratis like vel. Noko av overskotet går til Diakonaten i Vest-Telemark.</li><li>c. 8.des.: Julekonsert med Emil Solli Tangen mfl. i Kviteseid kyrkje kl. 19.00.</li></ul>	

- d. Adventskonsertar i Vrådal kyrkje (dato), og Kviteseid kyrkje 16.12. (*Hans Kristian Aabø ynskjer velkommen og takkar*)
2. Arbeida med vindauge-glasa i Kviteseid kyrkje (Investeringsprosjekt 2017, delvis overført til 2018) vart fullført 25.9.18. Verneglasa tar seg fint ut og vil gjere god nytte for å verne det innanfor. Dei siste kr 60.000 er utbetalt.
  3. Riksantikvaren (RA) har løyva kr 690.000 til 50 % av prosjektet med sprinkelanlegg til Kviteseid gamle kyrkje 2019. Anbudspapir sendast ut med atterhald om investeringstilskot frå kommunen. Anbudet skal sendast RA for godkjennast innan 1. des. 2018. Kommunestyret gjer sine budsjettvedtak for 2019 i desember 2018.
  4. Investeringsprosjekta for 2018:
    - a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Ventar framleis på godkjenning frå RA.
    - b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Fekk NEI frå Cappelen om trevirke (malmen furu) til flisproduksjon. Oppslag i avis og komande kyrkjeblad om saka. Jobbar aktivt for å få tak i godt virke.
  5. Prosjekt 'Auka gåveinntekt' har hatt litt progresjon.
    - a. Se pkt. 6 om vipps.
    - b. Har litt fokus på saken i kommande kyrkjeblad etter ynskje frå redaksjonen.
    - c. Komiteen skal ha møte 3. okt., rett før SR. Refererer frå møtet kjem på SR.
  6. Vipps Go er oppretta på vårt vipps-nr 88041, med undermeny for gåver og sal. Fyrste gong brukt skikkelig med sal av billetter på vipps på konsert 23.9. Det fungerte greitt. Det er på vipps-menyen lagt til moglegheit for
    - a. automatisk registrering av skattefritak på alle slags gåver til kyrkja.
    - b. fleirbruk under kyrkjelydsbasaren i des. med div. kjøp.
    - c. betaling for tenester og festeavgift på kyrkjegardane.
  7. Ny hovudtariffavtale for kyrkja sine 7.500 tilsette vart godkjend på overtid hos Riksmeklingsmannen 19.9. Avtala er mellom KA og 22 arbeidstakarorganisasjonar. 12 av desse var einige tidlegare i sommar. Det er fyrste gang Rettssubjektet Den norske kyrkja (hovudsakeleg prestar) og fellestilstilsette har felles avtale. Tariffoppgjøret fekk ein lønsramme på 2,8 %. Det vart løft i løn for trusopplærarar og nokre grupper vi i Kviteseid ikkje har. Detaljar kjem seinare. *Vi har stemt JA på uravstemminga i KA.*
  8. Heile staben i Kviteseid reiser på Stiftsdagar i Kristiansand 7. og 8. november.
  9. Prostidiakonen har sendt *rapport frå Håp 2018*, ligg ved sakspapira. 'Å vandre med håp' er eit samarbeid mellom 6 kommunar i Vest-Telemark, prostidiakonen, DPS i Seljord og fleire andre aktørar og sponsorar. Vandringa som gjekk frå Grunge kyrkje til Røldal kyrkje vart arrangert for 11. gong.
  10. Stillingsannonse for vikar som sekretær og trusopplærar ligg nå ute på NAV. På eigen nettside og Facebook ligg kort info med link til annonsa. Avisannonse vurderast. (Kyrkjeverja har ordna annonseringa etter delegasjonsreglement, SR 13/16)
- Lagt til under møtet:**
11. *Soknepresten refererte litt frå Fellesmøtekomiteen om felles familiemøte på Misjonshuset 27.januar2019, fellesmøtehelg 8.-10. mars ved John Hardang. Me kjem tilbake til kyrkja sine ansvarsområder på desse møta.*
  12. *Den 3.10. mottok vi godkjenning frå Riksantikvaren til å kunne montere brannvarslingsanlegg i Kviteseid gamle kyrkje. Det er eit prosjekt som står på finansieringsplanen for 2019, men me ynskjer å få det på plass så snart som mogeleg. Avtale med installatør var klar i mai 2018.*
  13. *Pinsemenigheten ynskjer velkommen til seminar ved Marit Landrø. Annonsering og plakat kjem ut.*
  14. *Eilev Erikstein og Møyfrid Lunde startar ny sorggruppe» Lev vidare» 22. november 2018. Plasseringa blir i Brunkeberg og folk frå Seljord inviterast til å vere med.*

Sak 59/18, FR	Rekneskapsrapport jan-aug 2018	KS
<p>Rekneskapskontoret har hatt sjukemeldingar og legg litt etter. Rekneskapsrapport for august er difor ikkje klar ved utsending av papira, men kan bli lagt fram til møtet.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b></p> <p>Det kom ingen regnskapsrapport til møtet. Den sendast til revisor og soknerådet når den føreligg.</p>		
Sak 60/18, SR	Gudstenestekalender for 2019	ML
<p>Kyrkjekontoret ved sokneprest, organist og kyrkjeverje har utarbeida eit forslag til plan for dei forordna gudstenestene for 2019. Forslaget er bygd på brevet om forordning frå biskopen, innarbeida rutinar, og dei same prinsippa vi fylgjer i 2018 og hadde i 2017.</p> <p><i>Vedlegg: Forslag til Gudsteneste-kalender 2019 (Same plan ligg ved med to forskjellige oppsett i kvar sitt vedlegg)</i></p> <p><b>Forslag til VEDTAK i soknerådet:</b> Planen for gudsteneseter i Kviteseid sokn for 2019 godkjennast.</p> <p><b>VEDTAK i soknerådet:</b> Plan for gudsteneseter i Kviteseid sokn for 2019 godkjennast.</p>		
Sak 61/18, SR	Bruk og avslutting av Gunnhild Omtveits legat	ML
<p>I sak 50/17 gjorde soknerådet dette vedtaket: «Soknerådet vedtek at kontoen til Gunnhild Omtveits legat knytast til Kviteseid sokn.»</p> <p>I saksframlegget står det at «Soknepresten administrerer framleis legatet i samarbeid med kyrkjeverja (som disponerer kontoen). Det er ikkje eit legat i ordets rette forstand, men berre ein konto med retningsliner for bruk av pengane.»</p> <p>Prosten har no sendt ut melding til alle prestane i Øvre Telemark om at han ynskjer at ingen av prestane i Øvre Telemark skal sitje i legatstyre i kraft av si stilling. Han har føreskrive kva prestane skal gjere med «aktive legat» og «passive legat». Soknepresten i Kviteseid har kommunisert med prosten om det som i namnet heiter «Gunnhild Omtveit legat», men som vi ikkje ser som verken eit aktivt eller passivt legat. Soknepresten har forslått å rydde saka bort/avslutte saka ved å høyre saka i kyrkjelydsutvalet for Brunkeberg og spørje om dei har eit forslag til soknerådet for kva restbeløpet kan nyttast til inneverande kalenderår. På den måten kan ein sikre at intensjonen bak legatet er ivaretatt av same prest som har gått med på å knyte «legatet» til Kviteseid sokn.</p> <p>Prosten har gitt støtte til denne framgangsmåten, men poengterer behovet for at det då vert gjort tydeleg vedtak om avsluttinga, slik at dette kan fram visast om nokon i ettertid skulle koma med spørsmål.</p> <p>Kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg hadde saka oppe på sitt møte 16.august i år. Dei ynskjer at det attståande beløpet blir gjeve til «Bibler til Ukraina» ved Bibelgaven, Bibelselskapets misjonsarbeid. Dette er i tråd med engasjement som har vært i Brunkeberg for bibelmisjon. Kyrkjelydsutvalet ynskjer at gåva skal merkast «ved Brunkeberg kyrkjelyd».</p> <p>Det stod kr 7063 på kontoen ved årsskiftet.</p> <p><b>Forslag til VEDTAK i soknerådet:</b> Pengane frå kontoen til Gunnhild Omtveits legat blir gjeve som gåve til prosjektet «Bibler til Ukraina» ved «Bibelgaven, Bibelselskapets misjonsarbeid» og merkast «ved Brunkeberg</p>		

kyrkjelyd». Pengeoverføringa skal skje i løpet av 2018. Gunnhild Omtveits legat vert med dette avslutta.

**VEDTAK:**

Pengane frå kontoen til Gunnhild Omtveits legat blir gjeve som gåve til prosjektet «Bibler til Ukraina» ved «Bibelgaven, Bibelselskapets misjonsarbeid» og merkast «ved Brunkeberg kyrkjelyd». Pengeoverføringa skal skje i løpet av 2018. Gunnhild Omtveits legat vert med dette avslutta. Soknepresten skriv eit brev om Gunnhild Omtveit og legatet til Bibelselskapet.

**Sak 62/18, SR**

**Kyrkjelydsbasar 2018**

HB

Dato for kyrkjelydsbasaren 2018 er satt til laurdag 1. des. Misjonshuset er tinga. Kirsti B. Skjæveland er i gong med førebuing som vanleg, men treng fleire med seg i komiteen.

Ein må lede dagen, gjerne ein frå SR.

Aktuelle til komiteen?

*Forslag til basaren i tillegg til det tradisjonelle:*

- 'Opplevingar' kan være fine gevinstar (reise, turfølge, middag, grilling, kaffe..)
- Amerikansk auksjon verkar interessant.
- Fortsette med 'Fisking' eller kalle det 'Katta i sekken' –for småborn.

VIPPS 88041 er klar til bruk. Basaren synest ikkje no, men vil plasserast øvst/fyrst på menyen på basardagen og dagane før (for loddsal).

**VEDTAK:**

Hans Kristian Aabø og Vidar Syrtveit Mikalsen stiller i komiteen saman med Kirsti B. Skjæveland. Komiteen finn sjølv leiar for dagen og knytt til seg naudsynt mannskap.

**Sak 63/18, SR**

**Datoar for sokneråd 2019**

HB

Forslag til datoane for ordinære soknerådsmøter i 2019:

Vår: 16. januar, 27. februar, 10. april og 12. juni

Høst: 21. august, 2. oktober og 20. november.

**Forslag til VEDTAK:**

Den framlagde møteplanen for 2019 godkjennast.

**VEDTAK:**

Som foreslege.

**Sak 64/18**

**Eventuelt**

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 21. nov.

Sak til neste møte:

- Plan for kyrkjeofringar 2019.
- Framdriftsplan for kyrkjevalet 2019.  
(Nyvald sokneråd tar til frå 1.nov. Møtet 20.nov. saman med gamalt SR?)
- Rekneskapsrapport pr. oktober.